

Bykle kommune delte ut utviklingsstipend



Frå venstre Rauls Karlis Bergsons, Celina Enes-Seberg og Aaron Magnus Bibov Blom-Pettersen med diplom, blomster og ikkje minst kvar sin gilde sjekk på 25.000 kr i utviklingsstipend. (Foto: Helga Jacobsen)

Som del av den flotte 17. mai-feiringa i Bykle delte Bykle kommune ut utviklingsstipend til tre talentfulle lokale ungdommar.

Celina Enes-Seberg, Rauls Karlis Bergsons og Aaron Magnus Bibov Blom-Pettersen fekk alle 25.000 kr. kvar for å vidareutvikle talenta sine. I alt hadde kommunen fått inn ni søknader om utviklingsstipend i år.

Frå ski til musikk

Enes-Seberg blir 16 år i år - og satsar på langrenn. Ho tevlar på høgt internasjonalt nivå i sin aldersklasse, og kan mellom anna vise til 1. plass i UngdomsBirken. Ho har også gjort det godt i Hovudlandsrennet. Bergsons, født i 2009, satsar på freeski, og er med mellom anna i NM og Noregscup. Blom-Pettersen er 16 år, produserer eigen musikk innan Hip Hop og Indie Rock. Han har nådd fylkesmønstringa i UKM, og samarbeider tett med eit internasjonalt musikknettverk.

Basar i Hoslemo bedehus

Velkomen til basar i Hoslemo bedehus laurdag 4.juli kl. 18.00. Åresal, loddsal og trekning av sommarlotteriet. Andakt av Livar Veggeland og song av Tom Gabrielsen. Mat og kaffi.
Arr. Hoslemo Misjonsforening

Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no
Bykle samfunnshus



08. juni

kl. 17.30 - Diplodocus og den magiske hokus pokus
kl. 19.30 - The Mandalorian and Grogu

Kinodatoar hausten 2026

Bykle samfunnshus: Hovden grendehus:
14.09 - 26.10 - 9.11 - 7.12 31.8 - 28.9 - 12.10 - 23.11 - 21.12



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Juni 2026 37. ÅRGANG

Kulturprisen til Aud Skagestad!



Aud Skagestad, her med sin Dag, fekk Bykle kommune sin kulturpris 17. mai. (Foto: Helga Jacobsen)

Aud Skagestad fekk Bykle kommune sin kulturpris under 17. mai-feiringa i Bykle.

I grunngevinga heitte det:

Aud Skagestad har vært med i Byklespeidaren heilt frå byrjinga. Ho har vore aktiv heilt fram til i dag, og ein samla innsats på 40 år i KFUK-KFUM står det stor respekt av. I tillegg til speidararbeidet har Aud vore ein viktig støttespelar i kyrkja og soknerådet. Ho har fleire periodar bak seg i rådet, mellom anna som nestleiar, og ho har gjort ein solid innsats som kyrkjevert. Aud er ein omsorgsperson som alltid tek seg tid til ein prat, noko som speglar godt kven ho er. Engasjementet hennar strekkjer seg også til idretten og lokalsamfunnet elles. Ho stiller alltid opp på dugnad, anten det er i regi av speidaren, Bykle IL, Bykledagen eller gjenbruksbutikken på Hovden og ho har vore ein viktig primus motor for seniortrimmen hjå frivilligsentralen.

Høyr no hiera!



Sommaren er like om hjørnet, og me er nok mange som ser fram til varmare ver, litt rolegare dagar og ei fin tid framover. Etter ein vinter som

har vore temmeleg ruskete vermæssig, må det vere lov å håpe på litt flaks med sommarveret! Så er det også spennande å fylgje med i Setesdal sommarstid med tanke på tilstrøyminga ein alltid ser. Den dagen Brokke-Suleskarvegen opnar, ja då er det som å opne ei sluse til vakre Setesdal! Så er også dette endå eit moment i ordskiftet rundt det som i mange år har vore ein vinterdestinasjon—Hovden. Der blir det arbeid for å gjere destinasjonen til eit heilårs reisemål—og trafikken her i dalen sommarstid tyder på at det kan vere mykje å hente viss ein kan klare å utvide tilbodet nok!

Vel fortent ferie

Sommar er ferietid, og ferie er vel unt. Så skal ein ikkje gløyme at rundt om, både i kommunar og det private, finn ein dei som ikkje kan ta seg ferie—dei er på eitt eller anna vis på vakt slik at alle me andre skal kunne nyte late dagar. Alle desse fortener ei stor takk—om det no er folk innan helse, beredskap eller anna. Maskineriet i samfunnet må svive sjølv om me skriv juni eller juli månad!

Lad batteria!

Til sist må det kome ei oppmoding til alle: nyt sommaren, lad batteria og kos dykk! Bare vere heime? Storbyferie, kanskje, eller langtur? Me har uansett godt av dei litt rolegare tidene som ventar, så er det å håpe at alle får akkurat det avbrekket ein har behov for før ein gnur på att frå hausten med nytt påfyll av energi!



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID



UKEDAG	AKTIVITET	KLOKESLETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
TORS DAG	Sterke saman instruktør: Stine G.	11:00-12:00	Festsal/kinosal, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.

Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Alle kan bli med på aktivitetane, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre. Følg med på Spond og Friskus Aktivitetskalender for meir info og evt avlysingar!

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
Måndag-torsdag 8-21 Fredag 8-16	Måndag 10-16.30 Torsdag 10-16.30 Meiopent bibliotek alle dagar 7-23

Friskus aktivitetskalender:

I friskusappen ligg det no ein aktivitetskalender som alle frivillige lag og organisasjonar i Bykle kan nytte til å dele sine aktivitetar. Ta kontakt med kultur@bykle.kommune.no om du ynskjer meir informasjon!



Kultur og fritid

Telefon: 902 16 856 Epost: kultur@bykle.kommune.no

Spond! Kode: IFZBR Gruppenamn: Kultur Bykle kommune



Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Tømekalender

Restavfall: 10.6, 24.6

Matavfall: 10.6, 24.6

Papir, glass/metall, plast: 10.6

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)

Gratis symjing i Bykle

Familiebading kl 16:30-17:45
Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet følgjer skuleruta 2026.



Kulturkafé

Kulturkafédatoar for hausten 2026

23. September - Folkeakademiet

21. Oktober – Korpsbasar v/Bykle musikkorps

18. November – Sigurd Brokke v/Bykle mållag



HOVDEN

Boksirkelen møtast måndag 1/6 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Antatt skyldig" av Kjell Arvid Nilsen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med - Velkomen!

BYKLE

Boksirkelen møtast onsdag 11/06 klokka 18 i biblioteket på Bykle samfunnshus. Me les boka "Stiklingen" av Audur Ava Olafsdottir. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med - Velkomen!

Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Laurdag 6.6 klokka 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste Bykle kyrkje.

Desse blir konfirmerte:

Ånund Knutsson Trydal, Torjus Aasen-Bakken og Therese Norma Sveen.

Onsdag 10.6 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Laurdag 13.6 klokka 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste Fjellgardane kyrkje

Desse blir konfirmerte:

Tuva Lamark, Sille Kjøstvedt, Silje Breivegen og Oline Østvold Haugsgjerd.

Torsdag 25.6 klokka 09.00

Landskappleiken, morgonmeditasjon, Fjellgardane kyrkje

Torsdag 25.6 klokka 15.00

Landskappleiken, open kyrkje, Fjellgardane kyrkje

Fredag 26.6 klokka 09.00

Landskappleiken, morgonmeditasjon, Fjellgardane kyrkje

Fredag 26.6 klokka 15.00

Landskappleiken, open kyrkje, Fjellgardane kyrkje



Frivilligsentralen inviterer til språkkafé!

Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle!

Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller tlf 90216856 hvis du har spørsmål eller vil vite meir!

Sommaravslutning hos Ineke i Livegen 20 i Bykle med Valle språkkafé den 11. juni kl. 17.00! Det blir ulike aktivitetar, ridetur for dei som vil, og vi stiller med grillmat.

Bygdekafé i Bykle på tysdagar frå no av

Den populære bygdekaféen i Bykle har blitt skipa til på torsdagar i lokala til vaksenopplæringa vegg i vegg med NAV i Bykle. Frå no av er det tysdagar som gjeld, og framleis klokka 12-14.

Kan få skyss

Det er Brynje-prosjektet i samarbeid med frivilligsentralen i Bykle kommune som står bak kaféen. I kaféen kan ein både få seg ein matbit og ein kaffiskvett, og ikkje minst ein prat med kjente og ukjente. No kan ein også få skyss viss ein treng det - då må ein ringe og avtale på tlf 92416961.



Pilflettekurs med May Tove Lindås på Hovden grendehus laurdag 10. og søndag 11. oktober -26.

Strikke-Terje kjem til Hovden grendehus torsdag 24. september -26.

Meir info og påmelding kjem seinare.

Årets konfirmantar

Bykle kyrkje laurdag 6. juni

Ånund Knutsson Trydal

Torjus Aasen-Bakken

Therese Norma Sveen

Fjellgardane kyrkje laurdag 13. juni

Tuva Lamark

Sille Kjøstvedt

Silje Breivegen

Oline Østvold Haugsgjerd

UNG KYRKJE

– ein fredag med mening

Fjellgardane kyrkje

Vi viser the VOICE

på storskjerm

fredag 22. og fredag 29.mai

Åpent frå kl. 19:30

For deg som vil henge, vere deg sjølv og ha ein god avslutning på veka

For ungdom på ungdomsskule og vgs